

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 08.03.2023
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 4**
Legemiddelproduksjon – apoteknikarutdanning Karmsund vidaregåande skule

ARKIVSAK: 2022/704
STYRESAK: 06/23

STYREMØTE: 15.03.2023

Oppsummering

Sjukehusapoteket i Haugesund har teke imot elevar frå VG3 apotekteknikarlinja ved Karmsund vidaregåande skule som no er i gong igjen med å få inn legemiddelproduksjon på læreplanen.

Fakta

Legemiddelproduksjon er attende på timeplanen

For nokre år sidan vart legemiddelproduksjon tatt av læreplanen for elevar på VG3 apotekteknikarlinja ved Karmsund vidaregåande skule i Haugesund. Sidan då har leiinga ved Sjukehusapoteket i Haugesund arbeidd for å få produksjon av legemiddel inn som tema i undervisninga igjen.

Og det har dei no klart – i den nye læreplanen på skulen er temaet på plass. I februar fekk dei første elevane undervisning og praktisk øving på Sjukehusapoteket i Haugesund, der både apotekteknikarar og farmasøytar på apoteket deltok.

Elevane fekk blant anna prøve seg på opptrekk og tilsetjing av infusjonsvæske, dei trena på å ta på seg sterile hanskar, og dei fekk teste hender etter reingjering med sjekk i UV-lys. Dei fekk

og observera apotekteknikarane medan dei laga cytostatikakurer og smertepumper. «– Kjekt å prøve noko ekte og på skikkeleg», var nokre av tilbakemeldingane frå elevane.



Legemiddelproduksjon av elevar frå Karsund vidaregåande skule ved Sjukehusapoteket i Haugesund (foto: Lene Svanberg Jakobsen, apotekar i Haugesund)